

Til Meland kommune,

Ådland 28.04.2016.

Tekniske tenester.

P.b. 79

5906 Frekhaug.

Vedk. frådelling av parsellar til naust på gnr. 37 bnr. 4 -trong for tilleggskokumentasjon.

Dykkar ref 16/851-16/7803. dykkar brev av 20.04.2016.

Saman med Dykkar brev der de ber om tilleggskokumentasjon låg og ved eit kart i M=1:500 som syner føremålsgransene i kommuneplanen sin arealdel. I dette kartet syner ein gransene for naustområdet N20 i kommuneplanen. I samsvar med dykkar krav om tilleggskokumentasjon har eg nå teikna inn 2 stk. naustparsellar med eit areal på 10m x 7m kvar og med 2 stk naust med eit areal 8m x5 m kvar. I tillegg syner eg plassering av tidlegare opparbeidd parkeringsplass som dei nye nausta skal bruka.

Både nausttomtene og nausta ligg nå innafor det areal som i kommuneplanen er avsett til naustføremål. Det skulle derfor nå ikkje vera noko problem med å handsama og godkjenne denne søknaden utan noko meir dispensasjonar korkje frå Plan-og bygningslova prg. 1-8 (strandlova) eller frå LNF-område i kommuneplanen Kap 19. i Plan-og bygningslova.

Mvh.



Kent Roy Gullaksen

Ådlandsvegen 1003,

5918 Frekhaug.

Vedlegg: 1 stk. kart i M=1:500.